



Tingvoll, 5.5.2024

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal

## STOPP NEDLEGGINGA AV TOGBUSSEN

Fram mot 2030 må vi redusere utsleppa våre sterkt. På samferdselsområdet må private ta ein stor del. Sidan all transport krev energi og det er knapt om alle typar energi, må vi reise mindre og lurare.

Dette skjer ikkje av seg sjølv. Gode kollektivløysingar er viktige. Det må vere enkelt og det må fungere godt. Eit taktskifte på dette området krev ein innsats, no.

Togbussen mellom Kristiansund og Oppdal er der i dag. Det er mogleg å reise mellom Nordmøre og Austlandet utan å eige bil, og det er mogleg å bu mellom Sunndalsøra og Oppdal utan bil. Det skal mykje mindre til for at togbussen blir brukta av mange fleire, enn om ein skal starte opp noko heilt nytt om eit par år. Har ein først tvunge folk til å kjøpe bil fordi bussen blei borte, så er vegen til den mykje brukte kollektivløysinga lenger.

Fylkeskommunen bør difor gå i kompaniskap med sine kundar om å gjere tilbodet meir kjent og meir brukta. Bevaring av togbussen er eit steg inn i framtida. Naturvernforbundet har tala varmt om bussen før, og vil gjere det også i framtida. Vi vil utfordre andre til å gjere det same. Til eit slikt engasjement treng vi eit vedtak om at togbussen skal halde fram.



For å lukkast med å redusere klimagassutsleppa og miljøpåverknad frå transport må vi i større grad planlegge samfunnet vårt på ein måte som reduserer behovet for transport av varer og menneske og medverkar til eit miljøvennlig transportsystem. Mjuke trafikantar, universell utforming og kollektivtransport skal prioriterast.

Eit godt samanhengande kollektivtilbod er også viktig for å oppnå eit samfunn med lågare klimagassutslepp, betre arealbruk og meir effektiv transport. Vi kan i tillegg legge til rette for meir deling, for eksempel gjennom samkjøring, bildeling og bisykler, slik at vi i større grad deler på ressursane

og rei delar i lag c transj til at r varen vi løy: bane,

Trans fleire til utsi krev r vegut gang berek

*Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023-2026*

Med helsing

Jannicke Totland Due  
Leiar  
Naturvernforbundet  
i Møre og Romsdal

Astrid Straumbotn  
Leiar  
Naturvernforbundet  
i Kristiansund og Averøy

Øystein Folden  
Leiar  
Naturvernforbundet  
i Tingvoll